

Årsmelding for Øystre Slidre eldreråd 2023



Bilde 1 fv.- Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud, Berit Karlberg Myrvang.
Bilde2 fv.- Målfrid Robøle (sekretær) Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud, Berit Karlberg Myrvang

Del 1 Eldrerådet 2019 – 2023 fram til val hausten 2023

Medlem

Gudbrand Dahle
Astrid Lunde
Morten Steinsrud Sp
Berit Karlberg Myrvang Sv
Solveig Rydland (leiar)

Varamedlem

Erik Gjerdalen
Eli Lund Enger
Magne Mjøs Sp
One Enerud Granli Sv
Ingfrid Rotevatn

Den nye kommunelova § 5 – 12 (Vedteken i Stortinget juni 2018) inneheld forskrift om kommunale råd for eldre.

Forskrifta skal sikra ein brei, open og tigjengeleg medverking frå eldre gjennom eldrerådet i alle saker som gjeld dei.

Rådet er eit rådgjevande medverkningsorgan for kommunen der medlemane i eldrerådet vert rekna som folkevalde på lik line med andre som sit i folkevalde organ.

Vedtekter i kommunelova som gjeld folkevalde organ, gjeld og for eldreråda.

Øystre Slidre eldreråd har i 2023 hatt 9 ordinære møter, eitt møte med alle tre råda og vi samarbeider og litt på tvers av råda.

Eldrerådet har dette året handsama 60 saker.

Rådet har eigen aktivitetsplan. Ein ser at antal saker held seg stort sett stabilt, men har og bore preg av meir djuptgåande innhald i saker. Her kan nemnast innspel til økonomiplanen, Innspel til Heranglie bustadfelt, demensomsorg, innspel til ny arena for idrett og fysisk aktivitet i Øystre Slidre, datakafe og Kafe for 65++.

Eldrerådet har vore i nært samarbeid med folka på det nye Helsetunet og Biblioteket. Dette resulterte ma i Kafe 65 ++ der kvardagsrehabiliteringsteamet orienterte om arbeidet sitt på ope møte på Biblioteket. Banktenester var og tema og folk frå Sparebank 1 gav god info, samt Marit på Biblioteket fortalde om sine tenester. Dette arrangementet var og knytta litt opp mot eldredagen 1.oktober. Med god lunsj, kaffe og kake frå Helsetunet og stappfullt Bibliotek, og god omtale frå dei frammøtte, sit ein att med kjensle av at arrangementet var nyttig for mange.

Astrid og Solveig tok del i regionmøte for eldreråd i Vang 24.mai der ulike tema vart presentert.

Eldrerådet har vore orientert om:

- Kartlegging av tilgjengelighet av uteområder i ØS
- ØS som demenskommune
- Nytt frå fylkeseldrerådet
- Heranglie bustadfelt
- Helsetunet anno 2023
- Datakafe på Biblioteket
- Helse og tilrettelagde tenester

- Infohefte om kunsten på Helsetunet
- Status skulen i ØS
- Grønolenfondet
- El-sykkel på Helsetunet
- Opplyst Valdres 2023
- Velferdsteknologi i ØS
- Status helsepersonell
- Revidert reglement for eldreråd 2023 – 2027
- Desentralisert sjukepleieutdanning
- Eldredagen 2023
- Kafe for 65 ++
- Kommunefysioterapi tilbod fleire stader i ØS
- Opplegg på Helsetunet med 10.klassingar
- Kvardagsrehabiliteringsteamet
- Arbeid med flyktningar

Eldrerådet har gjeve uttale til:

- Heranglie bustadfelt
- Demensomsorg
- Ny arena for idrett og fysisk aktivitet i ØS
- Innspel til økonomiplanen

Andre møter:

- Leiar har hatt møte med ordfører to gonger i året
- Leiar har hatt møte med kommunedirektør
- Leiar har teke del i ulike møter i samband med Kafe 65 ++
- Leiar har teke del i møter i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen
- Leiar har teke del i ulike møter for eldreråda i Innlandet fylke
- Leiar har samarbeidd med pensjonistlaget og kommunen på ulik vis
- Leiar har teke del i møter med ungdomskontakt, kultursjef, flyktningekonsulent

Eldrerådet takkar administrasjon og politkarar for god orientering og godt samarbeid i ulike saker som vedkjem eldre og set stor pris på gjensidig dialog

med dykk alle! Ein særleg takk til Målfrid kontordame for uvurderleg samarbeid!

Saman står vi sterke i arbeidet for våre medborgarar!

Nytt eldreråd for perioden 2023 – 2027:

Medlemmer

<u>Namn</u>	<u>Parti</u>	<u>Medlem</u>
Liv Heitun Eriksen	Arbeiderpartiet	Medlem
Magne Egil Mjøs	Senterpartiet	Medlem
Anne Berit Bolstad		Medlem
Berit Robøle Hegge		Medlem
Kristian Ekerbakke		Medlem
Inga Olsen	Arbeiderpartiet	Vararepr.
Bente Oxhøvd	Høgre	Vararepr.
Anne Marie Steinsrud		Vararepr.
Anne Nora Alund		Vararepr.
Erik Gjerdalen		Vararepr.

I møte 12.12.2023 vart val av leiar og nestleiar utsett til møte 07.02.2024

Årsmelding er vedteke i eldrerådet den 20.03.2024

Berit Robøle Hegge